



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave i norsk tegnspråk og tolking

TST507

Predefinert informasjon

Startdato:	10-12-2019 12:12	Termin:	2019 HØST
Sluttdato:	13-12-2019 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave		
SIS-kode:	203 TST507 1 H 2019 VÅR		
Intern sensor:	Ingeborg Skaten		

Deltaker

Kandidatnr.: 406

Informasjon fra deltaker

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert oppgavetittelen
på norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



BACHELOROPPGÅVE

Når tolken får hendene fulle

Tolking av metaforar frå norsk talespråk til norsk teiknspråk

When the interpreter gets his hands full

Interpreting metaphors from Norwegian Spoken Language to Norwegian Sign Language

Kandidatnummer: 406

Namn på bachelorprogrammet: TST507

Fakultet/Institutt/program: Bachelor i teiknspråk og tolking

Rettleiar: Ingeborg Skaten

Innleveringsdato: 13.desember 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

Innholdsliste

Samandrag	3
Abstract	4
1. Introduksjon	5
1.1 Innleiing	5
1.2 Val av tema og problemstilling	5
1.3 Omgrepsavklaring	6
1.3.1 Tolk og tolking	6
1.3.2 Teiknspråkbrukarar – ei tospråkleg gruppe	7
1.3.3 Teiknspråk – teiknet si oppbygging.....	8
2. Teori.....	9
2.1 Metaforen	9
2.2 Metaforen på teiknspråk.....	10
2.2.1 Ikonisitet og ikoniske teikn.....	10
2.2.2 Ikoniske og metaforiske teikn.....	11
2.3 Omsetjing	13
3. Metode	16
3.1 Mitt datamateriale	16
3.2 Framgangsmåte	17
3.3 Transkripsjon av teiknspråk	17
4. Presentasjon av funn	19
4.1 Funn 1: Direkte manuell overføring.....	19
4.2 Funn 2: Tolking av røyndleg meining.....	21
4.3 Funn 3: Metaforutskifting	22
5. Drøfting	25
5.1 Om strategiane.....	25
5.1.1 Direkte manuell overføring	25
5.1.2 Tolking av røyndleg meining	26
5.1.3 Metaforutskifting	26
5.2 Problematisering av strategiane	27
5.3 Kritikk til metoden	29
6. Avslutning	30
7. Litteraturliste.....	31

Samandrag

Denne oppgåva handlar om tolking av metaforar frå norsk talespråk til norsk teiknspråk. Problemstillinga er: *Kva slags strategiar kan ein bruke for å tolke metaforar?* Oppgåva blir gjennomført med utgangspunkt i at metaforen kan vere ei utfordring for tolkar med si tvitydige og komprimerte meining, ved sida av at metaforen i seg sjølv er eit engasjerande fenomen og derfor eit godt studieobjekt.

Oppgåva baserer seg på litteratur om metafor og omsetjing. Eit kognitiv-lingvistisk syn ligg til grunn for metaforen, og eg gjennomgår korleis han fungerer og kjem til uttrykk i talespråk og teiknspråk. Deretter følgjer ei gjennomgang av omsetjingsteori med vekt på korleis omsetjing fungerer som prosess gjennom dei tre fasane forståing, overføring og formulering.

Eg forsøker å svare på problemstillinga gjennom ei kvalitativ undersøking av opptak frå Kommune- og fylkestingsvalet frå hausten 2019. Basert på filma tolking identifiserer og analyserer eg tre metaforar med kvar sin distinkte tolkestrategi og presenterer desse som funn. Den første strategien inneber å manuelt tolke metaforen bokstaveleg og non-manuelt vise at ytringa er tvitydig. Den andre inneber å tolke den røynelege meninga bak metaforen. Den tredje inneber å erstatte metaforen med ein tilsvarende metafor i målspråket. Kva strategiar ein kan bruke kjem mellom anna an på tolken sin språklege kunnskap og mottakaren sin forståing. Eg peikar på at spørsmålet om korleis ein kan tolke metaforar kjem an på spørsmålet om intensjonen til sendaren og kva effekt versjonen vil ha på mottakaren.

Abstract

This thesis deals with interpreting metaphors from Norwegian Spoken Language to Norwegian Sign Language. My research question is: *What strategies can be used to interpret metaphors?* The thesis is based on the notion that the metaphor can be a challenge for interpreters with its ambiguous and dense meaning, in addition to the metaphor being in itself an engaging phenomenon that makes for a good object of study.

The thesis applies literature on metaphor theory and translation theory. The metaphor is understood from a cognitive-linguistic view, and I look at how the metaphor works and is expressed in spoken and signed language. I then go through translation theory concentrating on how translation works as a process through the phases understanding, transferring and formulating.

I try to answer the research question through a qualitative study of recordings from the Norwegian municipal election this fall 2019. Based on recorded interpreting I identify and analyse three metaphors each with their own distinct interpreting strategy and present these as findings. The first strategy consists of manually interpreting the metaphor literally and non-manually show that the utterance is ambiguous. The second consists of interpreting the underlying meaning behind the metaphor. The third consists of replacing the metaphor with an equivalent metaphor in the target language. The question of what strategies to use depends among other things on the linguistic knowledge of the interpreter and the receiver's understanding. I suggest that the question of how to interpret metaphors depend on the question of what the sender's intention is and what effect the interpretation will have on the receiver.

1. Introduksjon

1.1 Innleiing:

«Mange sier at de har møtt veggen. Jo flere møter jeg har med folk som har møtt denne veggen, jo mindre sikker blir jeg på hva dette betyr.»

Dette sa Steinar Olsen (fagleiar i Psykisk helse Ytrebygda) under ei gjesteførelsesing i fjor. Eg måtte notere orda med ein gong. For kva for ein vegg er det eigentleg vi snakkar om her? Kvifor snakkar vi om ein vegg når vi meiner noko anna? Og kva er dette «noko anna» som vi eigentleg meiner?

«Metaforens essens er det å forstå og erfare én ting ut fra en annen», skriv Lakoff og Johnson (2003, s.9). Vi snakkar svært ofte i metaforar - samnsynlegvis oftare enn vi tenkjer over. Sjølv nyttar eg metaforar automatisk og har stort sett ingen problem med å forstå kva andre meiner når dei gjer det same. Derimot kan eg ha vanskeleg for å forklare denne meininga med andre ord. Det å kunne forstå noko, men ikkje kunne formulere det, blir fort eit problem for ein tolk. Som tolkestudent har eg opplevd dette fleire gongar, og det blir ikkje noko lettare når folk snakkar metaforisk. Faktisk kan det bli omtrent som modernistisk lyrikk ifølge Knut Nærum: «dikteren skriver om noe annet enn det han ønsker å skrive om, og så skal vi gjette hva det er».

Denne oppgåva kvilar på følgande spørsmål: Når du som tolk for ein metafor i fanget, kva gjer du då?

1.2 Val av tema og problemstilling:

Temaet for denne oppgåva er tolking av metaforar. Dette valet bygger mellom anna på kjensgjerninga at metaforen kan vere spesielt vanskeleg å handsame for tolkar og omsetjarar. Språkvitar Sylfest Lomheim skriv i boka *Omsetjingsteori* at metaforen er ei velkjend utfordring: «eit av kunstspråkets fremste kjennemerke. [...] Metaforen både komprimerer meining og sprengjer språklege grenser. Han appellerer til både intellektet og emosjonane hjå lesaren» (1998, s.132). Tolk og professor Hanne Skaaden skriv i boka *Den topartiske tolken* om korleis metaforen utfordrar tolkar. Med sin både konkrete og overførte tyding kan metaforen med sin «dobbelhet også skape vanskeligheter for tolken når minnekapasiteten er under press» (2013, s.69). Det har blitt skrivi mykje om tolking og omsetjing av metaforar, også i samband med

teiknspråk, men akkurat tolking av metaforar til/frå norsk teiknspråk har eg ikkje funne så mykje om. Like fullt er det ein bøyg for dei som skal tolke, og derfor noko eg som framtidig tolk bør løyse.

Ein annan grunn til at eg skriv om tolking av metaforar, er kort og godt at metaforen engasjerer meg. Det har den gjort sidan eg blei kjend med poesi. André Bjerkes skildring av barnet, som etter leggetid hørde latter frå dei vaksne stige opp frå stua «som bobler frå et havdyp [...] mot ditt vannspeil av lysvåken taushet» (Bjerke, 2010, s.342), seier nok. Det er noko leikent med metaforen. Den er for meg eit uttrykk for språkleg overskot; ei blanding av tydingar som saman blir noko nytt – omtrent som når vi blandar fargar i eit maleri. Nyleg blei eg endå meir oppglødd då eg lærte at metaforen ikkje berre er poetiske ornament, men også styrande i måten vi forstår verda på (Lakoff & Johnson, 2003, s.7). Å skrive om tolking av metaforar er derfor ikkje berre ei viktig tolkefagleg problemstilling og eit relevant tema for meg som student. Det er også eit privilegium.

I spissen av oppgåva står problemstillinga: *Kva slags strategiar kan ein bruke for å tolke metaforar?*

Med denne problemstillinga siktar eg til korleis ein teiknspråktolk konkret kan gå fram for å tolke metaforar som kjem opp spontant under eit oppdrag. Fordi norsk er morsmålet mitt og det språket eg er mest trygg i, vel eg å ta utgangspunkt i norske ytringar, og avgrensar meg til tolking frå norsk talespråk til norsk teiknspråk – heretter norsk og teiknspråk.

1.3 Omgrepsavklaring

Før eg startar med teorikapittelet vil eg avklare kva eg meiner med tolk og tolking, og gi litt grunnleggande informasjon om teiknspråk og teiknspråksbrukarar. Dette er for å gi lesaren eit innblikk i kven tolken er, kva tolken gjer, kva språkmateriale tolken nyttar og kven tolken tolkar for. Eg skal sjølvsagt også forklare metaforen, men dette skjer først i teorikapittelet.

1.3.1 Tolk og tolking

Ein tolk er kort og godt ein person som tolkar mellom (minst) to språk. Det kan skje mellom talte språk, teikna språk eller mellom talte og teikna språk. Eg konsentrerer meg her om

teiknspråktolkar som tolkar mellom norsk og teiknspråk (Haualand, Nilsson & Raanes, 2018, s.15).

Tolking kan bli forstått som «En mest mulig trofast overføring av budskapet mellom mennesker som mangler et felles språk» ifølgje Apeland referert i Jareg & Pettersen (2006, s.24). Denne definisjonen er litt problematisk fordi han ikkje dekker at døve og høyrande deler det norske skriftspråket. Utover det fungerer han godt for denne oppgåva (sjå kap. 2.3 om bodskap).

På teiknspråkstudiet brukar vi ofte omsetjingsteori for å snakke om tolking. Det same gjer eg her og kjem derfor til å bruke desse termene om kvarandre. Sjølv om dei har mykje til felles vil eg påpeike det generelle skiljet at tolking er ein ferskvare som skjer her-og-no medan omsetjing skjer skriftleg over tid (Jareg & Pettersen, 2006, s.29). I neste kapittel kjem eg nærare inn på omsetjing.

1.3.2 Teiknspråkbrukarar – ei tospråkleg gruppe

Dei teiknspråklege i Noreg utgjer ein av våre språklege minoritetar. I stortingsmelding 35 *Mål og mening* blir dei typiske teiknspråkbrukarane definert som døve og sterkt høyrsllehemma. Dei er ikkje fysisk i stand til å kommunisere auditivt på norsk, og er derfor avhengig av teiknspråk for å oppnå primær språkkontakt med andre. Så er det andre teiknspråkbrukarar som har varierende grad av nedsett høyrsl og kan derfor i ei viss utstrekning nyttiggjere seg talespråk. Endåtil får om lag 90 % av døve barn i dag operert inn cochlea-implantat eller CI¹ som gjer det mogeleg for mange av dei å veksle mellom teikn- og talespråk. Likevel er behovet for teiknspråk til stades for dei aller fleste i større eller mindre grad (Kulturdepartementet, 2008, kap. 10.5).

I stortingsmeldinga heiter det at teiknspråkbrukarar i alle land «utgjer ein minoritet blant ein talespråkleg minoritet» (Kulturdepartementet, 2008, kap.10.5), og må derfor vere tospråklege for å ha sjanse til å delta i samfunnet på ein tilnærma fullverdig måte. Dei fleste teiknspråklege har følgeleg norsk som sitt 2.språk i form av norsk skriftspråk, og 2.språket fyller primært ein lese- og skrivefunksjon. I tillegg har dei teiknspråkbrukarane med CI eller mindre grad av nedsett høyrsl, tilgang på norsk talespråk. Det er altså varierende på kva måte og i kva grad teiknspråklege som språkleg minoritet meistrar majoritetsspråket, men størsteparten har uansett

¹ Cochlea-implantat/CI er eit teknisk hjelpemiddel som kan gi døve og sterkt høyrsllehemma oppleving av lyd. Det er bygd opp av ein indre del som blir operert inn i høyrslorganet og ein ytre del som ein kan ta av og på. Implantatet gir ikkje normal høyrsl, men mange får likevel høyrsl som gir utbyte i talespråkleg kommunikasjon (Statped, 2019).

ei viss kompetanse i norsk. Dette påverkar korleis tolken kan tolke norske ytringar. Avhengig av mottakaren kan tolken til dømes legge versjonen språkleg nær originalen viss dette trengs.

1.3.3 Teiknspråk: Teiknet si oppbygging

Eit teikn er bygd opp av to hovuddelar: Den *manuelle* og den *non-manuelle* delen. Det manuelle - av latin *manualis* for 'hand-' (Vonem, 2006, s.129) - er det som hendene gjer, og det non-manuelle er det som ansiktet, hovudet og kroppen gjer. Hovuddelane blir utført samtidig og utgjer til saman eit meningsberande teikn (Mosand & Malmquist, 1996, s.76).

Den manuelle delen av teiknet er igjen bygd opp av dei fire delane handform, plassering, rørslle og orientering, dvs. retninga handflata er vendt mot (Mosand & Malmquist, 1996, s.82). Til dømes er teiknet VENTE² bygd opp av ei flathand som er orientert framover og plassert framfor teiknaren sin overkropp. Handa flytter seg framover i to dyttande rørsler (sjå figur 1).



Figur 1: Teiknet VENTE, henta frå Tegnordbok (Statped, 1999)

Ein viktig non-manuell del av eit teikn er rørsle som munnen gjer. Ofte er det dei som skil teikn frå kvarandre fordi mange teikn har like manuelle delar. Nokre munnrørsler liknar måten vi rører leppene når vi uttalar norske ord, til dømes i VENTE der munnen ser ut til å seie «vente». Slike munnrørsler er lån frå norsk og blir kalla for *ordbilete* (Mosand & Malmquist, 1996, s.79-80). Saman med dei manuelle delane utgjer ordbiletet teiknet si *grunnform*, det vil seie den forma ein finn av teiknet i eit oppslagsverk (Mosand & Malmquist, 1996, s.94). Denne grunnforma kan ein modifisere på ulike måtar og dermed endre tydinga, til dømes ved å endre munnrørsla. Dette skal vi sjå i kapittel 4.

² I tekst blir teikn skilde frå ord ved å bli skrive med store bokstavar. Sjå kap. 3.3 for meir informasjon.

2. Teori

2.1 Metaforen

Metaforen har tradisjonelt blitt forstått som eit lingvistisk fenomen avgrensa til poetisk språk og spesielle høve for å skape kunstnariske og retoriske effektar. Dette synet blei særleg utfordra på 80-tallet då dei kognitive lingvistane George Lakoff og Mark Johnson publiserte *Metaphors we live by* (omsett til *Hverdagslivets metaforer* av Mie Hidle). I kognitiv lingvistikk handlar ikkje metaforar først og fremst om ord, men om *omgrep*. Dei finst på eit mentalt nivå og blir ikkje primært brukt til kunstnarisk språk, men til å forstå fenomenen i verda. Metaforen er ein uunngåeleg del av korleis vi tenkjer og derfor også utbreidd til stades i måten vi snakkar på (Kövecses, 2010, s.x).

La oss sjå på eit døme: Når vi snakkar om livet kan vi snakke om ‘å gå gjennom mykje’ eller at ‘noko er i vege’. Dette er ord vi typisk brukar om reiser, endå vi i denne samanhengen ikkje bruker dei slik i bokstaveleg forstand. Vi nyttar kunnskapen vi har om omgrepet *REISE*³ for å tenkje på og forstå omgrepet *LIVET*. Desse to kunnskapsområda heiter på fagspråket *domene*: Vi hentar kunnskap frå *kjeldedomenet REISE* for å snakke om *måldomenet LIVET*. Slik lagar vi det underliggende tankekonseptet *LIVET ER EIN REISE*, og dette kjem til uttrykk i ytringar som til dømes ‘å gå gjennom mykje’. Med andre ord snakkar vi metaforisk fordi vi tenkjer metaforisk (Askeland & Agdestein, 2019, s.16). Basert på dette skil vi mellom den *underliggende metaforen*⁴ *LIVET ER EIN REISE*, som er ein mental storleik, og det *metaforiske uttrykket* ‘å gå gjennom mykje’, som er eit språkleg uttrykk for den underliggende metaforen (Kövecses, 2010, s.xi, Askeland & Agdestein, 2019, s.17). Her i oppgåva nyttar eg den generelle termen metafor i tillegg til underliggende metafor og metaforisk uttrykk der eit skilje er naudsynt.

Fordi kognitive lingvistar meiner at metaforen finst i tankane våre, meiner dei også at metaforar kan vere universelle og bli delt på tvers av språk. Dette er relevant for ein tolk fordi tolken då kan rekne med å finne att mange av dei same underliggende metaforane i språka hen tolkar mellom. Dette skal eg vise i kapittel 4 og ta opp i kapittel 5.

³ Metafordomene blir som med teikn markert med store bokstavar. For å skilje desse to kursiverer eg domena.

⁴ *Omgrepsmetaforar* eller *conceptual metaphors* ifølgje Lakoff og Johnson.

Vi kan no definere metaforen slik: «In the cognitive linguistic view, metaphor is defined as understanding a conceptual domain in terms of another conceptual domain» (Kövecses, 2010, s.4). Det er denne definisjonen eg baserer meg på.

Når vi nyttar metaforar for å forstå noko, brukar vi som regel noko konkret for å forstå noko abstrakt, slik det er med *REISE* brukt om *LIVET*. Dette gir intuitiv mening for oss: Vi har ikkje direkte, sanseleg erfaring med abstrakte konsept, så for å forstå dei betre brukar vi våre erfaringar med den fysiske verda, som å vandre gjennom eit landskap (reise) om å forstå hendingar i tid (livet). Denne forståinga tar form som eit sett systematiske korrespondansar mellom kjelde- og måldomenet. Når vi seier at ‘noko er i vegen’ koplar vi saman vegen vi kan vandre langs og livshendingar vi kan oppleve. Vidare koplar vi saman hindringa som fysisk står i vegen og det omstendet som gjer ei livshending vanskeleg. Korrespondansar som desse heiter på engelsk *mapping* og på norsk *overføring* (Kövecses, 2010, s.7, Askeland & Agdestein, 2019, s.18). Desse kan vi setje opp i tabellar for å vise den systematiske oppbygginga av metaforar (sjå kap.4).

2.2 Metaforen på teiknspråk:

For dei som forbind metaforen med talespråk kan det no vere naturleg å spørje: Finst dette på teiknspråk, då? Det gjer det så klart, men den språklege oppbygginga er meir kompleks. Dei teikna som er metaforiske, er nemleg også *ikoniske*.

2.2.1 Ikonisitet og ikoniske teikn

Ikonisitet handlar om eit bestemt forhold mellom ei lingvistisk form (som eit ord eller eit teikn) og meininga til denne forma (Johnston & Schembri, 2009, s.232). For å forstå dette kan vi sjå på forholdet mellom ord og meining i norsk talespråk.

Eit ord er samansett av ei rekke lydar. Til dømes er ordet «tre» bygd opp av fonema /t/, /r/ og /e/. Forholdet mellom denne språklege forma og meininga vi forbind ho med, er *arbitrært* (Kulbrandstad, 2005, s.11). Det er ingen ting ved lydsamansetjinga «tre» i seg sjølv som tilseier at det skal tyde ‘plante med stamme, greiner’, osb. Ordet kunne like godt ha tydd noko anna.

Her skil teiknspråk seg frå norsk. Teiknet for meininga 'tre' (figur 2) er bygd opp av ein underarm med open hand og sprikande fingrar, og underarma står vertikalt med olbogen kvilande på handa til den andre armen.



Figur 2: TRE, henta frå Tegnordbok (Statped, 1999)

Dette teiknet kan likne på eit bilete vi har av eit tre i hovudet vårt: Vi kan trekke ei kopling mellom underarmen og ein trestamme, mellom handa og tretoppen, og mellom dei sprikande fingrane og greinar. Her er forholdet mellom den språklege forma og meininga ikkje arbitrært, men *ikonisk*. Ikoniske symbol inneber at nokre aspekt ved forma liknar på nokre aspekt ved meininga. I vårt døme med TRE er det ein visuell likskap mellom deler av teiknet si form og delar av eit konkret bilete vi assosierer med teiknet si meining. Litt forenkla liknar eit ikonisk teikn på si eiga meining (Taub, 2001, s.20-21; Johnston & Schembri, 2009, s.3).

Eg vil understreke at både tale- og teiknspråk inneheld ikoniske og arbitrære element i ulike gradar på alle språklege nivå (Taub, 2001, s.20). I talespråk finn vi til dømes ikonisitet i form av onomatopoetikon (lydhermande ord), og i teiknspråk finn vi mange arbitrære teikn. Eg har likevel gruppert arbitraritet med talespråk og ikonisitet med teiknspråk for å gjere forklaringa lettare å forstå.

2.2.2 Ikoniske og metaforiske teikn

Ikoniske teikn inneber altså eit samsvar mellom ei språkleg form og denne forma si meining. Dette blir i Taub (2001) kalla for *iconic mapping*, her omsett til *ikonisk overføring*.

Andre teikn kan, i tillegg til å vere ikoniske, også vere metaforiske. SINT (figur 3 og 4) er eit slikt teikn. La oss sjå på den ikoniske overføringa først: Teiknet er sett saman av to lukka hender plassert oppe ved hovudet med handflata vendt inn mot panna. Hendene opnar seg fort

og flytter seg samstundes utover frå hovudet. Dei kvikt utvidande hendene kan likne på utløyising av trykk, som om ein behaldar eksploderer. I så fall kan hovudet korrespondere med behaldaren under trykk, hendene med substansen i behaldaren og utvidinga til det utløyisa trykket/ekspløsjonen. Denne ikoniske overføringa kan vi setje opp slik:

Figur 5: Ikonisk overføring av 'SINT'	
TEIKNDELAR	KJELDEDOMENE
Hovud	Behaldar under trykk
Hender	Substans i behaldar (t.d. gass)
Hendene utvidar seg	Utløyst trykk/ekspløsjon



Figur 3: Starten av SINT, henta frå Tegnordbok (Statped, 1999)



Figur 4: Slutten av SINT, henta frå Tegnordbok (Statped, 1999)

Men dette teiknet tyder ikkje 'ekspløsjon'. På teiknspråk blir ei rekke abstrakte konsept visualisert som noko konkret (Taub, 2001, s.4). I dette teiknet blir det konkrete biletet av ein eksplosjon brukt for å uttrykke den abstrakte kjensla sinne. Det kan gi oss den underliggande metaforen *SINT PERSON ER BEHALDAR UNDER TRYKK* der behaldaren er personen, substansen i behaldaren er sinnet og eksplosjonen er krafta til sinnet (sjå figur 6). Denne metaforen finst i fleire språk, ofte kombinert med varme (Kövecses, 2010, s.197-209). Mellom anna kan ein på norsk seie 'eg eksploderer!', og på amerikansk teiknspråk finn vi teiknet **BOIL-INSIDE** (sjå Taub 2001, s.128-129).

Denne metaforen kan vi no setje opp slik:

Figur 6: Dobbel overføring av SINT		
Underliggende metafor: <i>SINT PERSON ER BEHALDAR UNDER TRYKK</i>		
TEIKNDELAR	KJELDEDOMENE	MÅLDOMENE
Hovud	→ Behaldar	→ Plassen til sinne
Hender	→ Substans i behaldar (t.d. gass)	→ Sinne
Hendene utvidar seg	→ Utløyst trykk/eksplosjon	→ Krafta av sinne

Som vi ser er teiknet bygd opp av *to* overføringar: først ei ikonisk overføring frå ei språkleg form (hender og hovud) og eit konkret kjelddomene (behaldar under trykk som eksploderer), og så ei metaforisk overføring mellom dette konkrete kjelddomenet og eit abstrakt måldomene (sint person). Fordi vi har å gjere med to overføringar blir dette fenomenet kalla for *double mapping* (Taub, 2001), her omsett til *dobbel overføring*.

2.3 Omsetjing

Omsetjing blir vanlegvis forstått som at eit og same sakstilhøve blir uttrykt på to språk⁵ (Lomheim, 198, s.17). Utgangspunktet for omsetjinga kallar Lomheim (1998, s.21) *originalen*, og resultatet blir kalla *versjonen*. Desse termene nyttar også eg om respektivt ei ytring som skal bli tolka og det ferdige tolkeproduktet.

Lomheim vil få fram at omsetjingsaktiviteten er ein variant av språkleg kommunikasjon, og nyttar derfor *sendar-* og *mottakarspråk* om språka til originalen og versjonen. Han brukar følgeleg *sendar* og *mottakar* om personane som kommuniserer (Lomheim, 1998, s.16 og 22). På same vis nyttar eg *sendar* om dei som ytrar seg (talar/teiknar) og *mottakar* om dei som mottar (lyttar/avles), men i staden for *sendar-* og *mottakarspråk* nyttar eg *kjelde-* og *målspråk* fordi dette samsvarar betre med metaforterminologi.

Målet med omsetjing er å uttrykkje *bodskapen* frå originalen på den næraste *ekvivalente* og *idiomatisk* måten, skriv Lomheim (1998, s.29 og 31). Med *idiomatisk* meiner han at

⁵ Dette kallar Lomheim *tospråkleg omsetjing*. Han skil det frå *einspråkleg omsetjing* der vi omset ei ytring innanfor same språk, som 'full forvirring' i staden for 'kaos' (Lomheim, 1998, .17).

språkbruken er naturleg; Den vanlege måten å uttrykke noko på i eit språk. Med bodskap meiner Lomheim (1998, s.71) den opplevinga som når fram til mottakaren. Dette heng tett saman med kva ekvivalens er: Det inneber at originalen og versjonen skal vere kommunikativt likeverdige, at dei begge skal gi same forståing og oppleving. Lomheim understrekar at dette ikkje er det same som språkleg-semantic likskap: Ei semantic lik omsetjing av skiltet 'no through road' langs bilvegen blir 'ingen gjennomveg'. Ei ekvivalent omsetjing er derimot 'blindveg' fordi dette dekkjer same situasjon, same røyndom. Dersom originalen og versjonen fungerer på tilsvarande måte for begge mottakarane i deira respektive situasjonar, har vi oppnådd ekvivalens (Lomheim, 1998, s.30-31).

Når vi kommuniserer med andre innanfor same språk, skal noko bli *formulert* og noko bli *forstått*. Vanlegvis gjer vi ein av desse tinga: vi formulerer ved å tale, skrive eller teikne, eller forstår ved å lytte, lese eller avlese. Omsetjingsprosessen handlar i prinsippet om det same, men skilnaden ved omsetjing er at ein både forstår og formulerer, og at desse fasane skjer innanfor to ulike språkssystem: vi hentar meining ut av ei ytring på eit kjeldespråk og seier han på ein ny måte i målspråket. I tillegg ser vi for oss ein tredje fase: etter forståinga, men før formuleringa skjer ei overføring kor sjølve endringa frå kjelde- til målspråket skjer. Omsetjingsprosessen inneheld altså tre fasar: forståingsfasen, overføringsfasen og formuleringfasen (Lomheim, 1998, s.24).

Forståingsfasen handlar i hovudsak om å finne riktig tolking. Omsetjaren gjer *ein språkleg analyse* og vurderer alt frå ord og setningar til teksten som heilskap. Vidare gjer omsetjaren ei *utanom-språkleg* eller *situativ analyse*. Dette inneber at vi dreg inn all den kunnskapen som er relevant for å forstå ytringa vi jobbar med, mellom anna *situasjonsfaktorar* som kven som ytrar seg, kva som er intensjonen bak ytringa og kva omstende ho blir ytra i. I tillegg handlar den situative analysen om å ha nok faktakunnskap om verda for å forstå ytringa. Til dømes må ein ha visse bibelkunnskapar for å forstå 'din Judas!'. For å skjønne den tekstlege heilskapen, er det viktig å vere klar over tilhøvet mellom det som blir sagt og det som ikkje blir sagt, men som er underforstått. Språklege grep som ironi, humor eller biletbuk (som metaforar) fungerer berre viss mottakaren forstår den tilsikta skilnaden mellom *bokstaveleg meining* og *røyndleg meining* (Lomheim, 1998, s.37-47). Det skal vi kome inn på i kapittel 5.

Overføringsfasen er spesifikk for omsetjingsarbeidet. Her blir leksikalske og syntaktiske innhaldsformar byta ut mellom kjelde- og målspråket. Stundom skjer dette ord for ord på eit overflatenivå, andre gongar må heile uttrykksmåtar bli skifta ut på eit djupare og meir abstrakt

nivå. Oppskrifta på god overføring er å gå så djupt som nødvendig og så grunt som mogeleg. Fleire omsetjarar snakkar om eit punkt eller eit *kodeskifte* der overføringa skjer, og dette kodeskiftet kan ligge på ulike nivå. Når vi kan omsetje noko direkte ord for ord, som i 'I like you' = 'Eg likar deg', ligg kodeskiftet på morfemnivået. Andre gongar, som med metaforar, ligg det meining utanfor orda. Ein kan til dømes ikkje forstå 'ha is i magen' basert på orda åleine sidan dette ikkje eigentleg handlar om is. I slike tilfelle ligg kodeskiftet på det situative nivået. Her må ein ofte gjere det grundigaste forståingsarbeidet, og dette er noko av grunnen til at metaforar kan vere spesielt utfordrande å tolke (Lomheim, 1998, s.48-54).

I formuleringsfasen skal originalytringa få ei ny form. Omsetjaren gjer dette gjennom språklege *transformasjonar* i form av å flytte på, stryke, leggje til eller erstatte delar av originalen. Spørsmålet om korleis ein tolkar metaforar – eller noko som helst – kokar ned til dette. Det er brei semje om at forståingsfasen er vanskelegast. Fordi omsetjaren er bunden til eit originalinnhald er det avgrensa kva han kan formulere. Dette krev eit rikt vokabular slik at omsetjaren kan uttrykke originalen på nye måtar. Fantasi blir dermed ein viktig eigenskap i formuleringsfasen.

Formuleringsfasen handlar om å gi ny språkleg form til originalen. Det er brei semje om at denne fasen er vanskelegast. Fordi omsetjaren er bunden til eit originalinnhald er det avgrensa kva han kan formulere. Dette krev eit rikt vokabular slik at omsetjaren kan uttrykke originalen på nye måtar. Omsetjaren gjer dette gjennom språklege *transformasjonar*: Han flyttar på, stryker, legg til eller erstattar delar av ytringa. Spørsmålet om korleis ein tolkar metaforar – eller noko som helst – kokar ned til dette. (Lomheim, 1998, s.55-62).

3. Metode

Cand.polit. Olav Dalland (2017, s.54) skildrar metode som å følgje ein viss veg mot eit mål. Mitt mål er å finne konkrete døme på måtar å tolke metaforar. Det er mange røynde tolkar som har gjort dette før meg. Derfor såg eg på opptak av kva andre har gjort. Eg nytta ein kvalitativ metode slik at eg grundig kunne undersøke eit avgrensa materiale, og fann tre distinkte strategiar for å tolke metaforar.

3.1 Mitt datamateriale

Eg valde å sjå etter tolking av metaforar i NRK-sendinga av valnatta til kommune- og fylkestingsvalet 2019, henta frå Nrk Tegnspråk. Det har vore viktig at materialet mitt er relativt nytt og alminneleg nok til å avspegle ein realistisk tolkesituasjon som eg sjølv eller andre kan kome borti i dag.

Eg har vore i kontakt med Paal Richard Peterson, leiar for teiknspråkedaksjonen i NRK Tegnspråk. Han informerte meg på e-post om korleis tolkane jobbar under TV-tolking. Tolkinga har blitt tatt opp i eit eige studio i TV-huset på Marienlyst, Oslo. Her jobbar tolkane i team på 4 og tolkar etter tur, og det er alltid ein tolk til stades som stør tolken framfor kameraet. Programmet er direktesendt og er derfor også tolka direkte. Tolkane får alltid førebuingstid, men det varierer om sakene er klare i tide, og på eit program som dette vil mykje kome uføresett. Mykje er altså likt mellom TV-tolking og tolking utanfor studio, men nokre skilnader vil eg påpeike. Ein skilnad er at tolkane ikkje kan be om gjentakning viss dei ikkje oppfatta det som blei sagt. Ein annan er at tolkinga skjer i 2D som tyder at teiknutføring, vinklar og språklege grep som lokalisasjon og rolleskift må vere gjennomtenkt og medvitent utført. Ein tredje skilnad er at tolkane blir eksponert til ei ukjend gruppe. Det kan vere stressande å ikkje vite kven som ser på, og eventuelle feil vil vere tilgjengeleg på nett (P. R. Peterson, personleg informasjon, 27.november, 2019). Dette lyt eg ta etisk omsyn til. Sjølv om sendinga er offentleg og eg står fritt til å bruke han, har ikkje tolkane i materialet vore involvert i oppgåva. Då er det viktig at eg omtalar det dei gjer på ein respektfull måte, og det er ikkje mi oppgåve å gjere normative vurderingar av dei einskilde versjonane. Når eg seinare problematiserer funna i drøfinga, er dette ikkje retta mot tolkane, men mot generell bruk av desse tolkestrategiane.

3.2 Framgangsmåte

I forkant av oppgåva har eg sjølv lagt merke til måtar å tolke metaforar på i undervisninga og ute i praksis. Ettersom eg såg gjennom materialet, oppdaga eg strategiar som samsvarte med det eg sjølv har sett før. Eg plukka ut døme på tre slike strategiar på for å analysere dei nærare. Desse er å finne att i eit vedlegg saman med lenkje til sendinga slik at lesaren kan sjå tolkinga sjølv.

Basert på Askeland og Agdestein (2019, s.176) har eg identifisert metaforane ved å samanlikne bokstaveleg meining med røyndeg meining: Viss sendaren snakka om noko anna enn det som bokstaveleg talt kom fram, og det var samsvar mellom desse tydingane, forstod eg ytringa som ein metafor. Ein politikar kunne til dømes seie at ‘næringslivet blomstrar’, utan å meine botanisk blomstring, men at næringslivet hadde kome i ei tilstand av trivnad. Då kunne eg ha kopla næringslivet til plantar og peike ut ein metafor. Alle metaforane har blitt systematisert i tabellar (sjå kap.4) og versjonane er framstilt med transkripsjonar.

3.3 Transkripsjon av teiknspråk

For å transkribere teiknspråk har eg tatt utgangspunkt i systemet til professor Engberg-Pedersen (1998, s.22). Dette er opphaveleg laga for dansk teiknspråk, men fungerer fint her med litt tilpassing. Eg har berre tre korte transkripsjonar totalt i oppgåva og forklarar derfor alle her, men dei må også bli forstått ut frå samanhengen dei står i under kapittel 4.

Manuelle delar av teiknet blir transkribert med norske infinitivsord i store bokstavar, og markert med tidskode i klammar så lesaren kan finne dei att i sendinga. Munnrørsler blir skriva på linja under og andre non-manuelle delar blir skriva over:

(vipp) ^^ -----

[01.23.18] SAMLIV^KRISE

munn: «samlivskrise» ---

Her er dei manuelle delane transkribert som SAMLIV og KRISE. Symbolet ^ markerer at dei inngår i ei samansetjing. Over teikna markerer (vipp) at hovudet vippar frå side til side. ^^ viser til heva augebryn. Under er ordbiletet «samlivskrise» markert. Dei stripla linjene som går frå dei non-manuelle delane og langsmed SAMLIV^KRISE, markerer varigheita i høve til dei manuelle delane (det gjeld alle transkripsjonane).

[01.39.33] GÅ-NEDOVER

munn: «tilbake» -----

Her blir dei manuelle delane transkribert som GÅ-NEDOVER. Bindestreken markerer at dei to orda står for eitt einskild teikn. Under er ordbiletet «tilbake» markert.

[58.58] TA-DET-ROLEG VENTE

munn: mod. ----- «vente»

Her blir dei manuelle delane først transkribert som TA-DET-ROLEG og så VENTE. Under er det markert ei modifisering (Sjå kap.4.2) etterfølgt av ordbiletet «vente».

4. Presentasjon av funn

Dei tre strategiane eg fann er som følger: Den første går ut på å tolke metaforen tilsynelatande bokstaveleg. Den andre går ut på å tolke den røynlige meininga bak metaforen. Den tredje går ut på å erstatte metaforen med ein tilsvarande metafor i målspråket

4.1 Funn 1: Direkte manuell overføring

Mitt første funn er ei ytring av Sosialistisk Venstreparti (SV) sin partileiar Audun Lysbakken som held tale til SV-veljarane. SV ligg an til å få si høgste oppslutning på eit kommuneval på 16 år. Lysbakken (Nrk, 2019) kommenterer valkampen og seier mellom anna:

(01.23.10): «Og i det som har vært en merkelig valgkamp dominert av regjeringen sin **samlivskrise** [...]»

Her meiner nok Lysbakken neppe at det faktisk er i ferd med å skje eit brot mellom ektefellar, fordi vi veit at regjeringa ikkje er bygd opp av samlivspartnarar, men ministrar i eit profesjonelt kollegium. Ut frå mediebildet veit vi også at regjeringspartia hadde interne konflikter under denne valkampen, til dømes i bompenesaka der Solberg måtte avbryte eit møte på Island og fly heim for å forsøke å løse usemja mellom partia (Prestegård, 2019). Eg oppfattar dette som ein metafor der kjelddomenet er *SAMLIV* og måldomenet er *REGJERINGSSAMARBEID*. Den underliggande metaforen blir *REGJERINGSSAMARBEID ER SAMLIV* (sjå figur 7). Begge domena inneber partar (ektefellar og politikarar) som har inngått ei formalisert avtale (ekteskap og samarbeidsavtale) der usemje kan skape utfordringar (samlivskrise og mangel på samarbeid) og i verste fall ende med at partane skil lag (skilsmisse og regjeringsoppløysing). Ved å framheve usemja mellom partia på denne måten kan Lysbakken gi oss eit fordreia og komisk bilete av regjeringa som ei samling kjeftande og smellande samlivspartnarar på randen av skilsmisse. Eg oppfattar metaforen både som eit stikk til regjeringa og ein vits til publikum.

Figur 7: Metafor frå Funn 1	
Metaforisk uttrykk: «Og i det som har vært en merkelig valgkamp dominert av regjeringen sin samlivskrise [...]» (NRK, 2019)	
Underliggende metafor: <i>REGJERINGSSAMARBEID ER SAMLIV</i>	
KJELDEDOMENE	MÅLDOMENE
Samlivspartnerar	→ Politikarar
Ekteskap mellom samlivspartnerar	→ Samarbeidsavtale mellom partia
Samlivskrise	→ Mangel på samarbeid
Skilsmisse	→ Regjeringsoppløysing

Korleis blir dette tolka? Her har tolken manuelt sett overført metaforen bokstaveleg. Tolken teiknar SAMLIV og KRISE slått saman til ei samansetjing slik Lysbakken gjer på norsk. Imidlertid veit vi at dette *ikkje* handlar om ein samlivskrise i bokstaveleg forstand. Dette signaliserer tolken non-manuelt: Når ho teiknar SAMLIV^KRISE vippar hovudet frå side til side og bryna er heva. Dette gjer ikkje tolken i resten av ytringa, og då seier ho med mimikken: *'Dette er ikkje meint bokstaveleg'*. Slik blir eg klar over at eg må trekke inn samanhengen for å forstå ytringa heilt, og då kjem den røynlige meininga fram.

Figur 8: Tolking av metafor frå Funn 1	
Transkripsjon:	(vipp) ^^ ----- [01.23.18] SAMLIV^KRISE munn: «samlivskrise» ---

4.2 Funn 2: Tolking av røyneleg meining

Mitt andre funn er ei ytring frå eit intervju av Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) sine nasjonale talspersonar Une Bastholm og Arild Hermstad. MDG har fått inn dei første resultatane og får svært høg oppslutning. På spørsmål om kva dei vil seie til dette, svarar Bastholm:

(58.54): «Vi er nok begge litt opptatt av å [...] holde hodet kaldt [...]»

Her meiner Bastholm neppe at ho skal kjøle ned hovudet sitt. Bastholm er i ein situasjon der oppslutninga er svært lovande kan gjere ein kvar politikar meir oppglødd enn dei kanskje burde vere, sidan resultatet kan endre seg. Bastholms metafor er også eit fast, idiomatisk uttrykk for å «bevare sinnsroen» og å ha ei «nøktern og balansert vurderingsevne» (Hegge, 2015, s.80). Eg oppfattar dette som ein metafor der kjelddomenet er *KULDE* og måldomenet er *RO*. Den underliggende metaforen blir *RO ER KULDE* (sjå figur 9). Temperatur er eit svært vanleg kjelddomenet og blir ofte brukt om haldningane våre til folk og ting (Kövecses, 2010, s.21). I dette tilfellet blir låg temperatur eit bilete på å ha ei roleg haldning til oppslutninga..

Figur 9: Metafor frå Funn 2	
Metaforisk uttrykk: «Vi er nok begge litt opptatt av å [...] holde hodet kaldt [...]» (NRK, 2019)	
Underliggende metafor: <i>RO ER KULDE</i>	
KJELDEDOMENE	MÅLDOMENE
Hovud	→ Plassen for kjensler/haldningar
Låg temperatur i hovudet	→ Avslappa og nøktern haldning

Korleis blir dette tolka? Her har tolken henta ut den røynelege meininga bak metaforen (å ta det roleg) og uttrykt denne i målspråket. Tolken teiknar med flathender i gjentatte dyttande rørsler. Dette er dei same manuelle delane vi finn i grunnforma til *VENTE* (sjå figur 1), men her har vi ikkje å gjere med ei grunnform. Det ser eg på munnrørsla som ikkje formar eit ordbilete, men

har framskotne lepper i ein trutmunn. Dette er ei munnrørsle som modifierer teiknet (jf. kap. 1.3.3) på same måte som eit adverb modifierer eit ord. Modifiseringa tyder «normalt» eller «vanleg» og kan i kombinasjon med andre teikn uttrykke at noko går roleg eller avslappa føre seg (Baker-Shenk, 1985, s.38-39; Mosand & Malmquist, 1996, s.120). Ein kan argumentere for at denne versjonen er eit modifisert VENTE med tydinga ‘vente roleg’, men dette er ikkje heilt dekkande for originaltydinga. Vi kan alternativt forstå versjonen som eit fast teiknspråkleg uttrykk for å vere avslappa eller roleg, eventuelt avslappa/roleg og avventande fordi munnrørsle litt etterpå endrar seg til ordbiletet «vente».

Figur 10: Tolking av metafor frå Funn 2	
Transkripsjon:	[58.58] TA-DET-ROLEG VENTE munn: mod. ----- «vente»

4.3 Funn 3: Metaforutskifting

Mitt tredje funn er ei ytring av statsminister og Høgres partileiar Erna Solberg som held tale for sine veljarar. Høgre har fått lågare oppslutning og gjer eit dårlegare val enn andre parti. Solberg seier mellom anna:

(01.39.26): «For oss i høyre så er det naturlegvis skuffende at vi **går tilbake**.»

Til tross for at Høgre «går tilbake» står Solberg sjølv heilt i ro. Ho snakkar altså ikkje om å fysisk flytte seg bakover, men om Høgre si låge oppslutning. Denne reduksjonen omtalar ho gjennom flytting: Høgre *går tilbake*. Eg identifiserer dette som eit døme på *the number line metaphor* (Lakoff og Nunez, 2000, s.xvi; Edmonds-Wathen, 2012, s.250). Denne metaforen går ut på at vi forstår tal som punkt plassert i høve til kvarandre på ei linje. Plasseringa av desse punkta er knytt til verdien av tala: Dei som ligg til høgre er store og dei som ligg til venstre er

små. Denne romlege talforståinga har fått namnet SNARC-effekten⁶ (Wood & Fisher, 2008, s.353). Når Solberg snakkar om å «gå tilbake», kan vi førestille oss at Høgre flyttar seg til venstre/tilbake langs tallinja, altså mot mindre tal. Slik blir det å gå tilbake eit bilete på å få lågare oppslutning. Eg oppfattar derfor dette som ein metafor der kjelddomenet er *TAL* og måldomenet er *ROM*, evt. meir spesifikt *PUNKT PÅ EI LINJE*. Den underliggende metaforen blir *TAL ER ROM* eller *TAL ER PUNKT PÅ EI LINJE* (sjå figur 11).

Figur 11: Metafor frå Funn 3	
Metaforisk uttrykk: «For oss i Høyre så er det naturligvis skuffende at vi går tilbake» (NRK, 2019)	
Underliggende metafor: <i>TAL ER ROM/TAL ER PUNKT PÅ EI LINJE</i>	
KJELDEDOMENE	MÅLDOMENE
Det som flyttar seg (Høgre) ⁷	Oppslutning
Punkt på tallinja	Verdiar av oppslutning
Punkt til venstre/bakover på linja	Lågare verdi av oppslutning
Flytting mot venstre/bakover	Reduksjon i oppslutning

Korleis blir dette tolka? Her har tolken erstatta metaforen på kjeldespråket med ein tilsvarende metafor på målspråket. Tolken brukar den originale underliggende metaforen *TAL ER PUNKT PÅ EI LINJE*, men uttrykker han litt annleis. Teiknet er både ikonisk og metaforisk: Det er bygd opp av to flathender i 90 graders vinkel som ligg parallelt vendt mot kvarandre på høgde med hovudet. Begge hendene blir trekt nedover og stansar ved brysthøgde. Eg oppfattar at hendene etterliknar ei flat gjenstand eller eit nivå. Ved å trekke hendene ned indikerer tolken at dette nivået senkar seg. Ei bokstaveleg omsetjing kan vere: «nivået senkar seg», men det er ikkje dette Solberg seier. Ho snakkar om å få redusert oppslutning gjennom at Høgre går metaforisk tilbake på ei tallinje. Det same gjer tolken, men her går linja *nedover*. Vi forstår

⁶ SNARC = Spatial-Numerical Assosiation of Response Codes (Wood & Fisher, 2008, s.353)

⁷ Det kan verke rart at Høgre blir lagt i kjelddomenet når det kan bli forstått som eit abstrakt parti. Eg les imidlertid Høgre som ein metonymi der partiet står for personane i partiet. På den måten er Høgre konkret.

nemleg små tal som liggande både mot venstre og nedover, og store tal som liggande mot høgre og oppover (Wood & Fisher, 2008, s.353). Då kan vi førestille oss tallinja som ei horisontal og vertikal linje i krysning lik ein x- og y-akse. Nivået som tolken teiknar blir no ei visualisering av oppslutninga, og senkinga av nivået korresponderer med reduksjonen i oppslutninga (sjå figur 12). Dermed har vi å gjere med ei dobbel overføring: Hendene som blir trekt ned er ikonisk overført til eit nivå som senker seg, som igjen er metaforisk overført til oppslutning som blir redusert.

Figur 12: Dobbelt overføring av metafor frå Funn 3		
Metaforisk uttrykk: [01.39.33] GÅ-NEDOVER munn: «tilbake» -----		
Underliggende metafor: <i>TAL ER ROM/TAL ER PUNKT PÅ EI LINJE</i>		
TEIKNDELAR	KJELDEDOMENE	MÅLDOMENE
Hender	→ Nivå (Høgre)	→ Oppslutning
Plassar i teiknrømmet	→ Punkt på tallinja	→ Verdier av oppslutning
Plassar nede	→ Punkt nede på tallinja	→ Lågare verdi av oppslutning
Flytting nedover	→ Senking av nivå	→ Oppslutning blir redusert

5. Drøfting

Oppgåva har vist tre strategiar for å tolke metaforar frå norsk til teiknspråk. Eg byrjar med å gå gjennom strategiane kvar for seg før eg problematiserer bruken av dei alle generelt sett.

Problematiseringa vil munne ut i tematikk som gjeld tolking generelt.

5.1 Om strategiane

5.1.1 Direkte manuell overføring

Den første strategien innebar å tolke metaforen manuelt bokstaveleg og legge på tilleggsinformasjon non-manuelt. «samlivskrise» blei direkte omsett til SAMLIV^KRISE, men samstundes signaliserte tolken at mottakaren måtte forstå dette kontekstuellt. Tolkinga kan verke oppsiktsvekkjande fordi tolken til dels gjer ei bokstaveleg tolking av noko som ikkje er meint bokstaveleg. Det kan sjå ut som tolken har valt eit «for 'grunt' samsvarsnivå» (Lomheim, 1998, s.53). Derfor er det viktig å understreke dei non-manuelle signala. Det avgjerande i denne strategien er *tillegg*, som er ein av transformasjonane i formuleringsfasen (jf. kap. 2.3). Det er tolken sitt tillegg av mimikk som gjer mottakaren merksam på at versjonen ikkje er bokstaveleg og at den fullstendige meininga må bli forstått ved å vurdere samanhengen versjonen står i.

I denne metaforen er det eit merkbart skilje mellom bokstaveleg og røyneleg meining: Samliv og politikk. Denne tvitydige meininga er det som for meg gjer ytringa til noko morosamt og eit stikk til regjeringa. Lomheim (1998, s.86) skriv at ein versjon ideelt sett ikkje skal seie meir eller mindre enn originalen, og derfor skal også tvitydig meining kome fram i begge to. Det kunne vore naturleg å tolke ytringa med vekt på konflikten mellom regjeringspartia sidan det er dette Lysbakken eigentleg snakkar om, men då ville vi mista kjeldedomenet SAMLIV og fått ein eintydig versjon. Ved at tolken nyttar den strategien vi har sett, gjer ho det mogeleg for mottakaren å oppfatte Lysbakkens tvitydige budskap.

5.1.2 Tolking av røyenleg meining

Den andre strategien innebar å tolke den røyenlege meininga bak metaforen: Det faste uttrykket «å holde hodet kaldt» blei tolka ved at tolken nytta eit modifisert teikn/eit fast teiknspråkleg uttrykk som kan tyde 'å vere avslappa/roleg og avventande'.

Dette kan vere ein krevjande strategi å tolke metaforar med. Fordi budskapet primært ikkje ligg i det som blir sagt, men i det som ikkje blir sagt – på det situative planet - må tolken gjere eit grundigare forståingsarbeid med å finne ut kva sendaren eigentleg snakkar om. Dette kan gjere metaforar spesielt utfordrande for ein allereie pressa minnekapasitet, som Skaaden (2013, s.69) har vore inne på. Likevel kan slike løysingar vere naudsynt når tolken manglar ein ekvivalent og tilsvarande metafor, og ikkje kan omsetje metaforen manuelt direkte. Det gjer strategien fordelaktig.

Som vi har vore inne på er omsetjaren bunden til ein original og treng derfor eit rikt vokabular for å kunne uttrykke han på andre, tilstrekkelege måtar. Det ser vi eit døme på når tolken nyttar eit fast, teiknspråkleg uttrykk. Eg opplever versjonen på eit vis som meir teiknspråkleg enn dei andre og at den skil seg ut, primært grunna munnrørsla: Dei andre to hadde konsekvent ordbilete (norsk lån), medan denne har ei modifisering. Det fortel meg at så lenge ein har god språkleg forståing og eit variert språkleg repertoar, er dette ein nyttig strategi. Ikkje minst tek han i vare den røyenlege meininga, det som sendaren eigentleg meiner. Det er viktigare å få fram den rolege haldninga enn det kalde hovudet i «holde hodet kaldt».

5.1.3 Metaforutskifting

Den tredje strategien innebar å erstatte metaforen med ein tilsvarande metafor på målspråket. Det metaforiske uttrykket der Høgre «går tilbake» blei omsett til eit liknande metaforisk uttrykk der Høgre gjekk nedover. Begge uttrykka baserer seg på den same underliggande metaforen *TAL ER PUNKT PÅ EI LINJE* der tala endrar verdi etter kor dei flytter seg. Skilnaden på original og versjon ligg i retninga tala flytter seg i. I begge tilfelle blir oppslutninga redusert.

Som eg var inne på i teorikapitlet (2.1) kan ein etter kognitiv-lingvistisk syn rekne med å finne att metaforar på tvers av språk. Det har vi sett eit døme på her: Sjølv om det språklege uttrykket er litt forskjellig i original og versjon, er den underliggande metaforen den same. Ein kan spørje seg kvifor ikkje også tolken «går tilbake» i staden for å gå nedover. Eg trur skilnaden kjem av at

metaforen må bli tilpassa målspråket etter kva som er idiomatisk teiknspråk. Til dømes kan eg ikkje sjå naturleg for meg at tolken flytter nivået til sida. Det er også verd å merke seg at Solberg like etterop seier at ho gjerne skulle sett «et Høyre som lå høyere enn dette» (Nrk, 2019). Her byggjer Solberg vidare på den underliggande metaforen ved å kome med eit nytt metaforisk uttrykk. Denne endringa viser seg å vere uproblematisk for tolken fordi endringa samsvarar med versjonen: No går begge to horisontalt langs tallinja, og tolken kan lett vint følgje opp det som Solberg gjer. Viss tolken ikkje hadde brukt metaforutskifting som strategi og basert seg på same underliggande metafor, ville ho no fått ekstra arbeid. Dette viser ein klar fordel med denne strategien og er eit døme på korleis kjennskap til metaforar på tvers av språk direkte kan gane tolking.

5.2 Problematisering av strategiane

Problemstillinga mi er eit pragmatisk spørsmål: Den handlar om korleis noko kan bli gjort. Då er det naturleg å spørje seg kor vidt tolken kan nytte desse tre strategiane som hen vil og kva eventuelle avgrensingar dei har.

Av dei tre strategiane eg har vore gjennom kan ein tenkje seg at mange fortrinnsvis ville valt metaforutskifting. Eg har vanskeleg for å kome på ei nærare ekvivalent omsetjing enn å skifte ut eit metaforisk uttrykk med eit anna som baserer seg på den same underliggande metaforen. Vi såg korleis denne strategien blei nyttig også då Solberg bygga vidare på sin eigen metafor. Imidlertid er det slett ikkje gitt at ein alltid kan omsetje på denne måten. For det første må det eksistere to tilsvarande og idiomatiske metaforar på både kjelde- og målspråket. For det andre må tolken ha god nok kompetanse i begge språka til å kunne kjenne til begge to.

Om ein alternativt vil gjere ei manuelt direkte overføring som i funn 1, er heller ikkje dette ei lytefri løysing. Å halde seg såpass nær originalen føreset anten at formuleringa finst i tilsvarande form i målspråket, eller at mottakaren kjenner ho att frå kjeldespråket. Dèt er ikkje sjølvstyk i ein situasjon der partane treng tolk for å forstå kvarandre. I tillegg stil denne strategien visse krav til mottakaren. Om du får noko tolka bokstaveleg og dette må bli forstått ut frå samanhengen, må du som mottakar faktisk forstå samanhengen slik at du kan finne ut av kva formuleringa tyder. Det er heller ikkje noko ein tolk automatisk kan rekne med. I mitt tilfelle var nok dette likevel uproblematisk: Viss du sit og ser på ei direktesendt valnatt veit du sannsynlegvis kva ei

regjering er, at politikarar kan bli usamde og at Lysbakken siktar til dette i ytringa si. Men dette er uansett ei vurdering tolken må gjere før hen nyttar ein slik strategi.

Om det ikkje er aktuelt å tolke metaforen manuelt bokstaveleg og tolken manglar ein tilsvarande metafor på målspråket, kan eit alternativ vere å tolke den røynelege meininga bak metaforen slik tolken gjer i funn 2. Men også denne strategien kan bli problematisert. Uttrykket «Å holde hodet kaldt» er ein metafor der *KULDE* blir brukt om *RO*. Denne tvitydige meininga blir eintydig idet tolken vel å vektlegge ‘å halde roen’ i sin versjon. Dette er ei grunnleggande utfordring ved det å bruke tolk: Som høyrande har du direkte tilgang til ytringa og kan sjølv velje korleis du vil forstå den. Som døv har tolken gjort det valet for deg, rett og slett fordi tolken må velje ut ei forståing for å tolke. Det kan medføre at tvitydige tydingar blir eintydige, og då kan ein lure på om tolken mista noko viktig på vegen frå kjeldespråket til målspråket. Skulle ikkje det tvitydige kome fram i både originalen og versjonen? Lomheim (1998) skriv også at «slåande metaforar i originalen kan berre ekvivalent omsetjast med tilsvarande og like slåande metaforar i målspråket» (s.132).

Her er det viktig å hugse på kva som faktisk er «slåande metaforar» og kva som berre er konvensjonelle måtar å formulere seg på. «Å holde hodet kaldt» er eit fast uttrykk. Det er noko vi har høyrd før, og derfor ikkje spesielt slåande. Eg trur derfor dei fleste forstår uttrykket som ‘å ta det roleg’ framfor blomstrande språk. På same måte er «vi går tilbake» ein heilt alminneleg uttrykksmåte for å forstå tal. Eg meiner ikkje at tolken dermed skal unngå å tolke slike ytringar om til metaforar på målspråket, men eg vil tru at dette ikkje er avgjerande for å kunne produsere ein ekvivalent versjon. Derimot opplev eg det som slåande å høyre om ei regjering i samlivskrise. I slike høve kan det spele mykje større rolle å få fram det metaforiske i ytringa slik at ho får den potensielle effekten ho har, og som Lysbakken truleg vil få fram. Omsetjaren si førsteprioritet er som nemnd *bodskapen*, altså den opplevinga eller forståinga originalen har på mottakaren.

Sett på den måten kan spørsmålet om tolking av metaforar røre ved eit meir overordna spørsmål: Kva vil sendaren egentleg seie? Viss det ikkje er eit poeng for sendaren å snakke metaforisk, men dette berre kjem som ein konsekvens av vår vanlege måte å snakke på, kan ein argumentere for at tolken ikkje treng å prioritere dette i sin versjon. Det tyder ikkje at versjonen blir blotta for metaforar – dét lar seg vanskeleg gjere frå eit kognitiv-lingvistisk syn når metaforar er ein uunngåeleg del av vår måte å tenkje og snakke på - men det tyder at tolken ikkje treng å

bruke ekstra tid og kreftar på å finne spesielt metaforiske vendingar framfor å berre nytte alminnelege formuleringar. Eit viktig spørsmål kan derfor bli kva sendaren har til *intensjon*. Først når sendaren intenderer å snakke metaforisk kan dette bli viktig å få fram.

Ved sida av omsynet til sendaren sin intensjonen, ligg omsynet til effekten på mottakaren. På direktesendt tv er denne situasjonen spesiell på den måten at du tolkar for ei gruppe som ikkje er fysisk til stades. Peterson skreiv at tv-tolken må vere medviten mottakaren på ein annan måte. «Man ser den ikke, men man forestiller seg gjerne en person der kameraet står. Hvem ønsker man å formidle på en god måte til?» (27.november, 2019). Ei utfordring er at tolken ikkje kan sjå om mottakarane forstår tolkinga. Då er det interessant å sjå at alle døma mine, i tillegg til å vere teiknspråklege, også inneheld fleire norsknære element: I funn 1 er originalformuleringa tydeleg til stades; I funn 2 har tolken «tilbake» på munnen sjølv om ho ikkje teiknar TILBAKE; I funn 3 er eit teiknspråkleg uttrykk følgd opp med eit meir norsknært VENTE. Det kan tenkjast at tolkane gjer det slik for å gjere seg mest mogeleg forstått av flest mogeleg folk. Sjøarane av valnatta er sannsynlegvis mange og mangfaldige, og å nå ut breitt blir dermed viktig. Som vi veit er dei fleste teiknspråkbrukarar tospråklege, og ved å bruke både teiknspråklege og norske element kan det hende tolkane når ut til fleire.

Ein fare ved at tolken tilpassar versjonen til mottakaren si forståing, er imidlertid at talaren sin intensjon kan bli tilsidesett (Skaaden, 2013, s.198). Det ideelle er at tolken tar omsyn til begge, men Skaaden held fram: «Tolkens dilemma er at han ikke rår over verken intensjon eller effekt» (s.198). Ein kan aldri heilt sikkert vite kva den eine ynskjer å få fram, eller korleis den andre kjem til å forstå det. Dét er eit dilemma som bur i tolking som aktivitet, skriv Skaaden. Då kjem det frå Lomheim (1998, s.104): «Nei – lett er det ikkje. Men kven har sagt at det skal vera lett å utøve ansvaret for god og presis omsetjing?»

5.3 Kritikk til metoden

Eg har no kvalitativt undersøkt korleis ein kan tolke metaforar ved å identifisere og analysere tre distinkte strategiar henta frå eit tv-opptak.

Fordelen med denne kvalitative tilnærminga har vore at eg kunne gå grundig til verks og presentere konkrete og detaljerte funn. Spørsmålet har dreia seg om praktisk tolking, og resultatene er brukarvennlege og handterlege. Ein annan fordel har vore valet av materialet: Det viser røynde tolkar som jobbar på direkten med alminneleg språkbruk. Dette gjer funna pålitelege og relevante.

Samtidig har metoden avgrensa meg til svært få funn. Tre døme på tolking er langt frå nok til å svare konkluderande og definitivt på korleis ein kan tolke metaforar. Metoden gir heller ikkje dekning for å seie kor utbreidd desse strategiane faktisk er sidan eg berre ser på eit døme frå kvar strategi. Då kan eg heller ikkje seie noko om eventuelle nyansar av strategiane. Og i røynda er strategiane sannsynlegvis ikkje så klare og distinkte som eg her framstiller.

Mine funn er med andre ord slett ikkje ei definitiv liste over korleis ein kan tolke metaforar. Men sjølv om funna er avgrensa er dei likevel eit steg nærare eit svar på for korleis ein kan kome seg heilskinna gjennom eit tolkeoppdrag når metaforane kjem marsjerande.

6. Avslutning

I denne oppgåva har eg spurt kva slags strategiar ein kan bruke for å tolke metaforar frå norsk til teiknspråk. Eg har funne tre distinkte framgangsmåtar: Den første innebar å manuelt tolke metaforen bokstaveleg og non-manuelt signalisere at ytringa er tvitydig. Den andre innebar å tolke den røynlige meininga bak metaforen. Den tredje innebar å skifte ut metaforen med ein tilsvarande metafor i målspråket. Kva strategiar ein kan bruke kjem an på ei rekkje ting, til dømes kor gode språklege kunnskapar tolken har og kva mottakaren vil forstå. Eit sentralt spørsmål er om ytringa er tilsikta metaforisk eller berre alminneleg språkbruk. Spørsmålet om korleis ein skal tolke metaforar kjem derfor an på spørsmålet om kva som er intensjonen til sendaren, i tillegg til kva effekt tolken sin versjon vil ha på mottakaren. Begge delar er aspekt som tolken aldri kan vite sikkert. Dette ligg i tolking sin natur.

7. Litteraturliste

Askeland, N. & Agdestein, M. (2019). *Metaforer - hva, hvor og hvorfor?* Oslo:

Universitetsforlaget.

Baker-Shenk, C. (1985). Facial expressions. I J. V. Van Cleve (Red.), *Gaulladet Encyclopedia of Deaf People and Deafness*. (s. 37-43) Washington D.C.: Gaulladet University Press.

Bergen offentlige bibliotek (2017, 15. november) *BOBcast #76: Norsk litteraturhistorie på 45 minutter med Knut Nærum* [Podcast]. Henta frå <https://soundcloud.com/bergenbibliotek/76-norsk-litteraturhistorie-pa-45-minutter-med-knut-naerum>

Bjerke, A. (2010). *Samlede dikt - Første del*. Oslo: Aschehoug & Co.

Dalland, O. (2017). *Metode- og oppgaveskriving* (6. utg.). Oslo: Gyldendal forlag

Edmonds-Wathen, C. (2012, juli). *Spacial metaphors of the number line*. Innlegg presentert ved The Annual Meeting of the Mathematics Education Research Group of Australasia (MERGA), Singapore.

Engberg-Pedersen, E. (1998). *Lærebog i tegnsprogs grammatik* (2.utg.). København: Center for tegnsprog og tegnstøttet kommunikation.

Haualand, H., Nilsson, A.-L. & Raanes, E. (2018). Tolker og tolking - en introduksjon. I H. Haualand, A. L. Nilsson & E. Raanes (Red.), *Tolking - Språkarbeid og profesjonsutøvelse* (s.11-36) Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Hegge, P. E. (2015). *Perler for svin og 555 andre norske idiomer*. Oslo: Kagge forlag.

Jareg, K. & Pettersen, Z. (2006). *Tolk og tolkebruker - to sider av samme sak*. Bergen: Fagbokforlaget.

Johnston, T. & Schembri, A. (2007). *Australian Sign Language: An introduction to sign language linguistics*. United Kingdom: Cambridge University Press.

Kulbrandstad, L. A. (2006). *Språkets mønstre - grammatiske begreper og metoder*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kulturdepartementet. (2008). *Mål og mening - Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. (St.meld. nr. 35 (2007-08)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/sec10?q=>

- Kövecses, Z. (2010). *Metaphor: a practical introduction*. Oxford: Oxford University Press.
- Lakoff, G., & Nunez, R. E. (2000). *Where Mathematics Comes From: how the embodied mind brings mathematics into being*. New York: Basic Books.
- Lomheim, S. (1998). *Omsetjingsteori*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lakoff, G. & Johnson, M. (2003). *Hverdagslivets metaforer – fornuft, følelser og menneskehjernen* (M. Hidle, Overs.) Oslo: Pax forlag
- Mosand, N. E. & Malmquist, A. K. (1996) *Se mitt språk! Språkbok - en innføring i norsk tegnspråk*. Bergen: Døves forlag
- NRK (2019, 9.september). *Valg 2019* [Videoklipp]. Henta frå <https://tv.nrk.no/serie/valg-2019/2019/NNFA82000319/avspiller>
- Prestegård, S. (2019, 20.august). Erna Solberg reiser hjem fra Island for å forsøke å løse bompengekrise. *Dagsavisen*. Henta frå <https://www.dagsavisen.no/nyheter/innenriks/erna-solberg-reiser-hjem-fra-island-for-a-forsoke-a-lose-bompengekrise-1.1571640>
- Skaaden, H. (2013). *Den topartiske tolken: lærebok i tolking*. Oslo: Universitetsforlaget
- Statped (2018, 8.juni). *Cochleaimplantat (CI)*. Henta frå <https://www.sansetap.no/voksnehorsel/tilrettelegging/horeapparater-og-ci/ci/?highlight=CI>
- Statped (1999, 2.desember). Tegnordbok. Henta frå: <https://www.minetegn.no/Tegnordbok-2016/index.php#info>
- Taub, S. F. (2001). *Language from the body. Iconicity and Metaphor in American Sign Language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Vonen, A. M. (2006). Tegnspråk i et lingvistisk perspektiv. I S. R. Jørgensen & R. L. Anjum (Red.), *Tegn som språk. En antologi om tegnspråk* (s.125-149). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Wood, G. & Fischer, M. H. (2008). Numbers, space, and action - From finger counting to the mental number line and beyond. *Cortex*, 44(4.), 353-358. <file:///C:/Users/oleof/OneDrive%20-%20Høgskulen%20på%20Vestlandet/Handsame/Teiknspråk%20og%20tolking/Bacheloroppgåva/Litteratur/Wood%20and%20Fischer%202008%20-%20Numbers%20space%20and%20action.pdf>